

HANDLINGS - OG TILTAKSPLAN
MOT MOBBING
FOR
BARNEHAGANE I VINJE KOMMUNE

"Erta, berta, sukkererta" -
korleis unngå å skape mobbarar.



Vårt ynskje:
Alle barn skal ha eit trygt miljø i barnehagen utan mobbing.

Barnehagen skal vera ein god arena for utvikling av sosial kompetanse.

INNHALD

1. Bakgrunn
2. Kva er mobbing?
3. Førebygging
4. Avdekking av mobbing
5. Tiltak ved mobbing
6. Kontinuitet og oppdatering av planen
7. Kjelder

Vedlegg: Meldeskjema til bruk i barnehage /skule og SFO i Vinje (skjema nr 1)

1. BAKGRUNN

Bakgrunn for utarbeiding av planen

Denne planen skal sikre eit målretta arbeid for å skape eit trygt miljø for barna i barnehagen. Barnehagen skal vere ein god arena for utvikling av sosial kompetanse.

Forskrift om miljøretta helsevern

§ 12 i forskrifta Psykososiale forhold: " Virksomheten skal fremme trivsel og gode psykososiale forhold". I samband med godkjenning av barnehagen er vi pålagt å ha ein plan mot mobbing.

Rammeplan for barnehagar

I Rammeplan for barnehagar 2006 handlar heile kapittel 2.4 om sosialt kompetanse. Det vert peika på kor viktig det førebyggjande arbeidet er for å unngå mobbing blant barna.

Manifest mot mobbing

Det er sett i verk ein aktiv innsats mot mobbing som eit samarbeid mellom regjeringa, KS, Foreldreutvalet for Grunnskolen, Utdanningsforbundet og Barneombodet. I manifest mot mobbing forpliktar partane seg til å vera aktive for å unngå at det skjer mobbing mellom barn og unge. Partane har ein visjon om nulltoleranse i høve mobbing.

Mål for planen

Ha rutiner for avdekking av mobbing og rutiner for problemløysing.
Sikre kompetanse hjå dei tilsette i barnehagen

I dette arbeidet ynskjer me å setje fokus på

VAKSENROLLA – Kva me vaksne vil eller vågar å sjå

SOSIAL KOMPETANSE – Korleis me lærer barna å samhandle

TILTAKSREKKE- Kva gjer barnehagen dersom det blir avdekt mobbing

2. KVA ER MOBBI NG?

Vilkårleg erting er ikkje mobbing. Konflikatar og enkelte tilfelle av slåssing og utestenging er heller ikkje mobbing. Det er altså ikkje mobbing når barn plutseleg blir sinna på kvarandre, tek leiker frå kvarandre eller liknande.

Mobbing er noko langt meir alvorleg:

- Mobbing er når ein person eller ei gruppe gjentekne gonger og over tid plagar og trakasserer andre.
- Mobbing handlar om makt og avmakt, og det er eit skeivt maktforhold mellom den som mobbar og den som blir mobba.
- Mobbing blant småbarn kan førebyggast ved at vaksne er merksame på trivselen til det enkelte barnet, på samværsmonster i barnegruppa og på barn med særskilde behov.
- Mobbing i barnehagen kan stoppast av aktivt deltakande vaksne som grip inn når det er naudsynt

Finst det mobbing i norske barnehagar?

Det er lite dokumentasjon i høve omfanget av mobbing i barnehagane, men me veit at det finst. Ordet mobbing kan virke framandt og skræmande, men dersom me ser forløparen til mobbing i barnehagen, må me ta tak i dette.

Dei vaksne i barnehagen må vere samde om ein felles praksis på kva dei ikkje kan tillate av åtferd hjå barna.

Typer av mobbing som me kan sjå i barnehagen:

Direkte mobbing:

- Fysisk mobbing (t.d. slag, spark, kloring, dytting)
- Verbal mobbing (t.d. terging, latterleggjering, audmjuking..)

Indirekte mobbing:

- Utestenging
- Avvising

3. FØREBYGGING

Barnehagen som arena for førebygging av mobbing

Barnehagen skal i samarbeid med heimane gje barna gode utviklings- og aktivitetstiltak.

Barnehagen har ei stor og viktig oppgåve i å formidle grunnleggjande verdiar som mellom anna fellesskap, omsorg, medansvar, respekt, empati.

Førskulealderen er ei viktig tid for den sosiale utviklinga til barna. Barnehagen har ei viktig rolle i dette arbeidet. Eit menneske som blir plagt av andre får redusert livskvalitet og kan utvikle negative mønster for sosialt samspel.

Vaksenrolla

I barnehagen er det lagt til rette for god tid til lek og uformelt samvær. I leiken skjer det viktige lærepromessar, og leiken er med på å fremme den sosiale utviklinga.

Det er likevel ikkje sjølvstøtt at alle barn blir inkludert i leiken og at alle barn har venter i barnehagen. Dei tilsette må difor vera observante og gå inn med tiltak der det trengs. Samarbeid med foreldra er viktig her som i alt anna arbeid i barnehagen.

Dei vaksne i barnehagen må drøfte korleis leiken fungerer og saman bli samde om kva for tiltak ein må setje i gang med for å sikre ei god sosial utvikling for alle barna.

Sosial kompetanse som ressurs mot mobbing

Sosial kompetanse handlar om å lykkest i samspel med andre. Det er difor veldig viktig å arbeide for å fremme sosial kompetanse for å unngå at det oppstår mobbing blant barna.

Viktige område innanfor sosial kompetanse er:

- Empati og rolletaking - Innleving i andres kjensler og forståing for andre sitt perspektiv og tankar
- Prososial åtferd - Positive sosiale haldningar og handlingar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre
- Sjølvkontroll - Kunne utsetje egne behov og ynskje i situasjonar som krev turtaking, kompromiss og felles avgjerder. Det inneber også å takle konflikter på ein forventa måte
- Sjølvhevdning - Korleis ein kan hevde seg sjølv og egne meiningar på ein god måte, våge å stå imot gruppepress og bli med på lek og samtaler som allereie er i gang
- Leik, glede og humor - Kunne skilje lek frå annan aktivitet, tolke leikesignal, la seg rive med og føle glede, slappe av, spøke og ha det moro

4. AVDEKKING AV MOBBI NG

Mål:

Barnehagen skal ha rutiner og dei tilsette skal ha kompetanse for å avdekkje mobbing
--

Tiltak:

Tiltak	Når	Ansvarleg
Ver viljug til å sjå det du ser	Umiddelbart	Dei vaksne som er tilstades
Sei noko om det du ser	Umiddelbart	Dei vaksne som er tilstades
Stopp uakseptabel åtferd	Umiddelbart	Dei vaksne som er tilstades
Dersom personalet er uroa for om det som skjer er mobbing, må det kome ein kontant reaksjon der og då. Situasjonen skal dokumenterast skriftleg og ped.leiar må få informasjon	Umiddelbart	Dei vaksne som er tilstades
Drøfting av samspelet i barnegruppa	På personalmøte	Leiar
Observere samspelet i barnegruppa	Kontinuerleg	Dei vaksne som er tilstades
Lytte til det barna fortel	Kontinuerleg	Dei vaksne som er tilstades
Foreldresamtaler der det vert snakka om barnets trivsel	To gonger i året (eller fleire dersom det er trong for det)	Pedagogisk leiar

5. TILTAK VED MOBBI NG

Mål:

Rask og tydeleg handling frå barnehagen når mobbing er avdekt

Tiltak	Når	Ansvarleg
Reaksjon straks. Ped.leiar og leiar blir varsla	Umiddelbart	Dei vaksne som er der
Samtale med barnet som blir mobba	Umiddelbart	Ped.leiar
Samtale med barnet/barna som mobbar, - ein og ein Klar melding om at slik åtferd er uakseptabel	Umiddelbart	Ped.leiar
Utarbeide plan for tiltak	Umiddelbart	Leiar / ped.leiar
Avtale tid for foreldresamtale med foreldra til b�e partar	Umiddelbart	Ped.leiar
Fylle ut skjema 1. (meldeskjema i plan over helseovervaking i barnehagar/grunnskule – HMS-systemet p� intranett)	Umiddelbart	Leiar / ped.leiar
Gjennomf�re foreldresamtale med foreldra til b�de den som er utsett for mobbing og den som mobbar. Skriftleg dokumentasjon skal ligge til grunn. Innhald i samtala. - Kva har skjedd? - Kva er gjort? - Kva gjer vi vidare? Samtaler b�de 1 og 1 og felles	Snarast innan 1 veke	Leiar / ped.leiar
Plan for oppfylgning av barnet som blir mobba		Ped.leiar
Plan for oppfylgning av barnet som mobbar		Ped.leiar
Vurdere om ein skal kontakte samarbeidspartar som PPT, barnevern, helsesyster.....	Ved trong	Leiar

Ulike tiltak kan t.d. vere:

Ansvar og rutiner for tiltak og informasjon er skissert over.

- Styrke sj lvtilliten til den som blir mobba.
- Vise den som mobbar verknaden av mobbinga. Gje klar melding om at slik  tferd er uakseptabel.
- Vise mobbar mogleg alternativ  tferd
- Tett vaksenoppfylgning
- Systematisk observasjon

6. KONTINUITET OG OPPDATERING AV PLANEN

Mål:

Planen skal holdast varm på personalmøte og må oppdaterast jamleg

Tiltak:

Tiltak	Når	Ansvar
Drøfte og evaluere planen på styremøte	Junimøte kvart 3. år	Den som kallar inn
Presentere planen på personalmøte eller planleggingsdagar	Planleggingsdag i august kvart år	Leiar
Planen skal vere tilgjengeleg på avdelingane og på kontoret	Kontinuerleg	Leiar

7. KJELDER

Erta, berta, sukkererta (Sektor for undervisning 2000, rullert i 2006)

Mobbing i barnehagen – eit hefte for deg som arbeider i barnehagen (BFD 2005)

Du og jeg og vi to (Kari Lamer 1997)

Steg for steg

Mobbing i barnehagen (Reidar J. Pettersen 1997)

Manifest mot mobbing – tiltaksplan 2009-2011